



Indre Nordfjord Turlag



## Årsmelding Indre Nordfjord Turlag 2022



**Kattanakken - Tungestølen 2022**



**Segestad BT 2022**



**Onsdagstur - Lundasætra**



**Gå-lagstur til Naustdalskamben**



## Indre Nordfjord Turlag Årsmelding 2022

Årsmøte 2021 vart halde 30.november 2021 på Stryn Vidaregåande Skule. Frammøte kunne ha vore betre, men 21 stk var langt betre enn forrige årsmøte som fortsatt var prega av Coronasituasjonen. Årsmeldinga vart godkjent. Rekneskapet vart godkjent med forbehold om at det vart godkjent av revisor på eit seinare tidspunkt. Alle som stod på val i hovudstyret tok attval. Av vararepresentantane gjekk Anne Notøy inn istaden for Siv Ragnhild Lillestøl. I Barnas Turlag kom Hilde Cecilie Smørddal inn istaden for Liv Sissel Dale, og Siv Myklebust istaden for Reidun Elisabeth Sandnes. Bre-og Fjellsportgruppa vart lagt i «dvale». Det same vart Ung - gruppa.

### Hovudstyret i Indre Nordfjord Turlag 202

Leiar	Olav Auflem
Nestleiar	Odd Henrik Berge
Sekretær	Unni Verlo
Økonomiansvarleg	Idar Skogli
Styremedlem	Bente Sunde
Styremedlem	Renate Berstad
Styremedlem	Kristine Tønning
1.vara	Eva Guddal
2.vara	Anne Notøy

Revisor Jon Valaker

**Barnas Turlag:** Siv Merete Aasebø, Martin Fredheim Klaeson, Siv Myklebust og Hilde Cecilie Smørddal.

**Hyttestyret Vetledalssetra:** Stig Skåre/Per Jakob Kyrkjeeide/John Erik Greidung og Dag Greidung

**Infimus:** Ansvarlege Arne Heggstad og Hans Støle

**Valnemd:** Jan Træen, Siv Ragnhild Lillestøl og Liv Sissel Dale



## Aktivitetsåret 2022

I 2022 har vi komt tilbake til det normale, dog litt mindre folk med på turane våre. Det har vore arrangert i alt 45 turar/arrangement med tilsaman rundt 800 deltakarar. I tillegg har det vore høve til å leige/nytte seg av tilboda om bruk av Randoneutstyr og kano/supbrett ved Nasjonalparksenteret i Oppstryn. Hytta i Vetledalen har vore godt besøkt, og mange har nok registrert seg digitalt på Turpostane til Barnas Turlag. Tar ein med alle tilbod vi har hatt ute( i tillegg til turdeltakarar) vil nok antal personar som har nytta seg av våre tilbud nærme seg ein stad mellom 1300 og 1500, noko vi er veldig godt fornøgd med.

Hovudstyret har hatt 2 fysiske styremøter og ein del digitale korte møter i løpet av året, antal styresaker passerte 27. Medlemsmassen har gått litt ned, mykje p.g.a. omlegging av medlemssystemet i DNT, noko som medførte at ein del medlemmar var flytta på. Vi håpar vi får tilbake ein del av desse etter kvart.

Nytt av året er at vi har skipa eit eige Gå-lag for seniorar som har høve til å gå turar midt på dagen. Oppstartsmøte våren 2022 på «Låven» Visnes Hotel.

På siste styremøte vedtok vi også å få til eit eige sti -rute og hytteutval som vil verte valgt på årsmøte. Vi har mange stiar å vedlikehalde, nye stiar/ruter og eventuelt nye hytter.

På forrige årsmøtet vart det tatt opp dårleg « sti» til og frå Dagsturhytta i Stryn og i området rundt. Det har vore jobba mykje med stinettet i nærområdet denne hausten.

## Representasjonar/utsendingar til møter 2022

Årsmøte Sogn og Fjordane Turlag	Olav Auflem og Eva Guddal
Fellesmøte Sogn og Fjordane Turlag	Olav Auflem, Odd H. Berge og Bente Sunde
Repr. Jostedalsbreen Nasjonalparksenter	Olav Auflem og Eva Guddal
Kontaktpersonar Dagsturhytta	Olav Auflem og Renate Berstad
Div. møter Stryn Kommune/Nasjonalparkstyret/Stryn Idrettsråd	Olav Auflem
Representantar oppstart Gå-lag	Olav Auflem og Idar Skoglid
Samlingsmøte Gå -laga i SFT Skei	Eivind Skjerven/Oddmund Teigland Pål Taraldsen



Indre Nordfjord Turlag



### Tilskot 2022

Stryn Kommune – dagsturhytta	kr.10.000.00
Frifondsmidlar born/ungdom	kr. 25.413.00
Stryn Kommune – born/ungdom	kr.25.000.00
Grasrotmidlar	kr. 8.613.00
Sparebankstiftinga gjennom Sogn og Fjordane turlag til stiarbeid i nærmiljøet	kr.25.000.00
Kom Deg Ut dagane i 2022 frå DNT	kr. 9.000.00

### Dugnadar sti/klopperydding 2022

Laurdag 20.august gjorde vi oss ferdige med vår del av restaurering/kloppebygging i stien frå Skarsteinsetra til Honvasshytta. Ei fin samling av store og små var med å gjorde denne dagen til ein triveleg dugnadsdag.





Indre Nordfjord Turlag



## Kurs gjennomført i 2022

Administrasjonskurs/bruk av digitalt verktøy i turlagssammenheng. Organisasjonssekretæren i Sogn og Fjordane Turlag Hanne Bruaas tok turen til Stryn for å gå igjennom digitalt brukerverktøy i turlagssammenheng. Disse var med på kurset: Siv Myklebust/Terese Sunde/Siv Merete Aasebø og Hilde Cecilie Smørdal frå BT, Frå styret – Olav Auflem /Idar Skoglid/Odd Henrik Berge og Eva Guddal.

Sti- og merkekurs- teori og praksis. Teori via teams med DNT sentralt og praksis lokalt. Disse har fullført: Tor Guddal/Bente Sunde/Olav Auflem/Per Jakob Kyrkjeide/Idar Skoglid/Oddbjørg Myren Tonning/Jan Frode Tonning og Lars Raae.

Reklame – filmar i samarbeid med SFT og Høgskulen i Volda. Idar Skoglid/Bente Sunde og Odd Henrik Berge.

Ekstraoppdrag for XL-Bygg Sølvberg i samband med deira 100 – årsfeiring. Naturleg å sende forespørsel til oss då XL-Bygg Sølvberg av sentral avtale med DNT, såleis også med dei lokale turlaga. Er du medlem av DNT/INT får du 15 % rabatt på ordinære varer du handlar. Hugs å vis medlemsbevis. For denne hyggelege ekstrajobben med diverse aktivitetar vart vi honorert med kr. 5000.00





Indre Nordfjord Turlag



Dugnad med stinett til Dagsturhytta i Stryn og område rundt. Bygging av klopper/bruer og rydding av stiane. Det første vi gjorde var å bygge ei bru overei elv som voldar mykje bry ved stor vassføring. Deretter har det blitt laga ein del klopper, rekkverk og gjerde på utsette plassar. Dette var eit punkt som var tatt opp på årsmøtet i 2021, og med midlar frå Stryn Kommune og Sparebankstiftinga er vi nesten i mål. Litt « smårusk» står att.





## INTRO

Det har vore gjort eit grundig arbeid for å skipa til eit Gå-lag etter same opplegg som dei andre turlaga i Sogn. Både det lokale turlag INT og Sogn og Fjordane Turlag har engasjert seg når det gjeld informasjon og økonomi. Dei forventningene vi hadde til oppslutnader til dei oppsette turtilbod som vi presenterte, er så langt ikke innfridde.

---

Førebuinga til skipinga av gå-laget vart gjort på eit møte på Visnes der leiaren i INT, Olav Auflem, presenterte intensjonene med eit Gå-lag. På møtet på Låven på Visnes var det bra frammøte. Det vart drøfta kva krav vi skulle stille til turtilboda som vi ville tilby deltakarane. Det blei bestemt at det skulle vera gratis dette første året.

Som det går fram av tabellen for deltakinga på turane, er oppslutninga om turane langt mindre enn det vi hadde forventa.

5/5-22	Tur 1 - Faleide	9 deltagare
19/5-22	Tur 2 - Skuten/Kirkeidesetra	8 deltagare
2/6-22	Tur 3 - Segestad	6 deltagare
16/6-22	Tur 4 - Ljøen	4 deltagare
4/8-22	Tur 5 - Sonjahytta	5 deltagare
18/8-22	Tur 6 - Naustdalskamben	12 deltagare
1/9-22	Tur 7 - Øyenibba	3 deltagare
15/9-22	Tur 8 - Tisthamarstøylen/ Moldrheimstøylen	5 deltagare

Det har vore nytta mykje midlar til annonsering i Fjordingen og plakatar til oppslag. Den samla summen er her på omlag kr. 5000.00

På møte har vi drøfta kvifor vi ikkje har oppnådd større oppslutnad på turane med tanke på kva vi kan endra til neste tursesong i 2023. Styret vil gå inn for vi flytter turene til onsdager (kl 1100 som tidlegare). Vi satsar neste år på 10 turar. Dette har vi landa på etter å sjå på kva for andre tilbod dei eldre er opptekne med.

Sogn of Fjordane Turlag (SFT) arrangerte eit «inspirasjonsmøte» på Skei 26/11 for alle senior-laga i det gamle fylket og her lærte vi i INT's gå-lag mye fra dei andre laga med lenger fartstid. Vi håper å kunne dra nytta av dette allerede i sesongen 2023.

Gå-lagets styre i 2022: Eivind Skjerven (leidar), Oddmund Teigland (nest-leidar), Anne Stubdal (styre-medlem), Pål Taraldsen (sekretær)



På tur til Naustdalskamben Stadt Kommune





Indre Nordfjord Turlag



## Vetledalssetra



### Ein fin sommardag på setra

Hytta på Vetledalssetra vart opna i byrjinga av juni, mykje snø tidleg på våren. Mykje folk overnatta på hytta i 2022, 103 overnattingar mot 27 i 2021 og 93 dagsbesøk mot 127 i 2021. Så veldig bra med kraftig auke i overnattingar. Tyder på at folk har tatt seg tid til ei overnatting og ikkje berre dagsbesøk. Vi merka det spesielt på vedlagerert. Stig Skaare og Per Jakob Kyrkjeide tok seg ei økt i haust, men her må det nok gjerast ein litt større innsats våren 2023.